

NETTANDAKT BJØRGVIN/ SKJOLD 6. MAI 2020

Svante Havåg

JESAJA 43, 16-21

Eg likar godt NYE ting. Særleg nytt *verktøy* er bra – ting som *virkar* blir aldri feil! Nye ting? Nye venner? Ny «look», kanskje? Eg trur at for dei fleste av oss så er det at noko er NYTT ofte ganske tiltrekkande.

I teksten frå Jesaja hørde vi Gud seie at han - ”skaper noko NYTT”. Av alle merkelege plassar: I ørkenen! Vatn i ørkenen og elvar i øydemarka – til glede for sjakalar og struts(!) – og for hans folk. For før dette hørde vi gjenfortalt om Israelsfolket si første påske med utferda frå Egypt – ut i håpløyse og ørken – og netttopp der – i den håplause ørkenen skapte Gud nytt håp for sitt folk!

Vi er inne i kyrkja si påsketid- og vi vandrar i etterskinet av påskemorgon og Kristi oppstode. Og også her startar Gud på det lavaste punktet når han skaper det nye. Ut av langfredags-ørkenen si nattsvarte håpløyse skaper Gud det nye livet - gjennom Han som står opp på påskedag. Gud skaper på nytt – men han tar utgangspunkt i det gamle – Han omskaper.

Vi likar kanskje godt det som er NYTT, altså. Det er berre det at vi så ofte endar med å *kaste* så mykje. Anten det no er *ting* vi kastar. Eller *menneske* som ikkje oppfyller mine strenge krav. Ja, kanskje kjenner eg til og med lysta til å skrote *meg sjølv*, av og til – når *ingenting* med meg er bra nok.

Gud vår Far går for gjenbruk! Han omskaper. Når den oppstadne Kristus kjem og inviterer menneske inn i sitt NYE rike - Då gjer han det ikkje ved å skrote oss «uperfekte», og finne noko nytt og «perfekt». Nei, han skaper dette NYE – i oss og med oss. Fordi det er *oss* han elskar, det er *oss* han vil ha. – Gud skaper på NYTT i påska – og omskaper oss i kjærleik.

Og om vi skulle vere litt treige - og ha vanskeleg for å forstå det Gud vil seie oss i påska - så er det jo berre å sjå seg rundt denne årstida i vårleg glede. Gud hamrar poenget inn i oss på nytt kvar vår - når det nye livet sprengjer seg irrande grønt opp gjennom det døde.

”Sjå eg gjer alle ting nye – no spirer det fram! Merkar du det ikkje?!”